

## POSTDEPOT

Den nye benevnelsen *postdepot* ble omtalt slik i bedriftsavisen til Posten i april 1997:

*«–"Postdepot" er eit supplement til landposttenesta og ikkje aleine eit tilbod som erstatning for nedlegging av postkontor, understrekar fagsjef i Postnett. – Omgrepet postdepot er ei intern nemning og er ikkje noko sjølvstendig posttilbod til kundane våre, seier Pedersen. – Postdepot er ein ekstraservice som primært skal knytast opp til landposttenesta. Det er jo slik at landpostbodet, som skal ha med seg postpakkar ut til kundane, ikkje alltid får levert pakkane fordi kunden ikkje er heime. – For at kunden skal sleppe å reise heilt til postkontoret for å få ut postpakken sin, kan det gjerast avtale med til dømes bensinstasjonen eller kjøpmannen om at postpakken blir lagd inn for henting der. – Det er derfor villeiande når ein slik tilleggservice for ein del av Postens teneste blir publisert som nærmast eit tillegg eller ei erstatning for postkontor, postfilialar og landpostruter i samband med omlegginga i ekspedisjonsnettet - slik ein til no har sett fleire døme på, seier Lars Pedersen.»<sup>1)</sup>*

Det er eksempel på at ordningen er beholdt på 2000-tallet, også etter innføringen av Post i Butikk. Jeg har registrert at ICA Nær på Enebakknesset i Fet kommune hadde en slik funksjon i 2008. Butikken hadde et postskilt med undertekst «postfilial», men utførte kun postale funksjoner som skissert ovenfor.

1) "POST" bedriftsavis for Posten Norge BA nr 9, 29.4.1997.